

Nyoppstarta avtale spesialistpraksis innan øyre nase hals Nordfjord Sjukehus. NordFjord Øyre Nase Hals (John Arthur Kvamme)

Informasjonsskriv

4. september vil NordFjord Øyre Nase Hals starte opp 50% øyre nase hals praksis lokalisert på Nordfjord sjukehus, opningstider mandagar 08-20 og tirsdagar 08-16.

Kvamme vil jobbe 50% ved NordFjord Øyre Nase Hals og ellers 50% ved ønh-avd., Førde Sentralsjukehus. Han har jobba der som overlege sidan 2002 med særskilt ansvar og kompetanse innan øyre patologi og øyrekirurgi samt utredning og behandling av søvnplager.

Samtidig vil ØNH avdelinga ved Førde Sentralsjukehus avslutte den 20% ambulerande ordninga med ønh poliklinikk på Nordfjord sjukehus kvar torsdag.

Dette er ein praksis med offentlig avtale med Helse Vest og Helse Førde og det er vanlige reglar og eigenandelar for pasientane ved reise, undersøkelse og behandling samt i forhold til frikort.

Unntaket er dersom pasienten samtidig skal til audiograf ved høyrselssentralen, då må han betale to eigenandelar. Dette fordi audiografen framleis vil vere tilsett ved ØNH-avd. Førde Sentralsjukehus.

NordFjord Øyre Nase Hals, John Arthur Kvamme, vil vere tilkobla Norsk Helsenett, slik at ein kan sende henvisningar elektronisk, men sannsynlegvis vil ein ikkje vere oppkobla før 4. september. I mellomtida kan ein sende henvisning elektronisk til ØNH Førde Sentralsjukehus, der ein presiserer at ein ønskjer henvisning til NordFjord Øyre Nase Hals på Eid, eller vanleg henvisning i posten.

Meir informasjon på nettsida: www.nordfjordonh.no (under utarbeiding)

Mail: post@nordfjordonh.no

Tlf: 99300100 (Nordfjord Øyre Nase Hals)

Tlf: 90620044 (privat mobil, om ikkje svar, send gjerne SMS)

Postadresse: Nordfjord Øyre Nase Hals, postboks 10, 6771 Nordfjordeid

Mvh

Nordfjord Øyre Nase Hals

ved John Arthur Kvamme

Spesialist øyre nase hals og hode- hals kirurgi